



Arkivnr: 2015/2100-1

Saksbehandlar: Siri Hanson

Saksframlegg**Saksgang**

Utvål	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		26.03.2015

Strategisk Næringsplan for Bergensregionen 2015-2020. Første gangs behandling**Samandrag**

På vegne av eigarane fekk Business Region Bergen i oppdrag å rullere eksisterande Strategisk Næringsplan for Bergensregionen (SNP). Mandatet vart gitt på eigarmøte 21.03.2014 og innebar endring av dokumentets utforming og tydelegare beskriving av næringslivet. Målformuleringa er vidareført i revidert form. Business Region Bergen har leia arbeidet med planen og har i prosessen fått innspel frå eigarane og næringslivsorganisasjonar, NCE-ane, NHO, LO og kunnskapsmiljøa.

Planen er som no er på første gong høyring er eit strategisk verktøy for kommunane og fylkeskommunen, ikkje spesifikt ein plan for Business Region Bergen AS eller næringslivet. Planen har fokus på kva det offentlege kan gjøre for å tilrettelegge for god næringsutvikling.

Etter at planutkastet har vore på høyring hos eigarane og endra på bakgrunn av innspela, skal planen vedtakast i eigarkommunane og i fylkeskommunen.

Fylkesrådmannen meiner at mål og strategidelen er i samsvar med fylkeskommunen sine eigne planar forventningar, men at tiltaksdelen bør omarbeidast til færre tiltak som i større grad bør vere fellesprosjekt.

Forslag til vedtak

1. Hordaland fylkeskommune står opp om overordna mål, samt strategi og fokusområde i utkast til Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020, men ynskjer ei formulering av målsettinga i tråd med forslaget i dette saksframlegget.
2. Hordaland fylkeskommune ber om at tiltaka vert omarbeidd slik at prosjekta står fram som større fellesprosjekt og ynskjer prioritering av desse tema:
 - Samordning og tydeliggjøring av ulike aktørar sin rolle knytt til entreprenørskap og etablerartenesta.
 - Bidra til å etablere «Invest in Region Bergen»
 - Samarbeid om utvikling av Bergensregionen til verdsleiande nærings- og kunnskapsmiljø innan sjømat og berekraftig havbruksproduksjon.
 - Samarbeid om framtidsretta energiløysingar.
3. Hordaland fylkeskommune ynskjer desse tiltaka inn i planen:
 - Utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen i tråd med vedtak i fylkestinget 10.12.2014.
 - IKT/media t.d. realisering av MediaCityBergen.
 - Teknologiutvikling og tiltak for å redusere utslepp frå skip.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Bård Sandal
fylkesdirektør regional utvikling

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Vedlegg:

Strategisk Næringsplan for Bergensregionen 2015-2020
Saksprotokoll fylkestinget 10.12.2014. Gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt
engasjement i Business Region Bergen

Fylkesrådmannen, 11.03.2015

Bakgrunn

På vegne av eigarane fekk Business Region Bergen i oppdrag å rullere eksisterande Strategisk Næringsplan for Bergensregionen (SNP). Mandatet vart gitt på eigarmøte 21.03.2014 og innebar endring av dokumentets utforming og tydelegare beskriving av næringslivet. Målformuleringa er vidareført i revidert form. Business Region Bergen har leia arbeidet med planen og har i prosessen fått innspel frå eigarane og næringslivsorganisasjonar NCE-ene, NHO, LO og kunnskapsmiljøa.

Planen er ikkje spesifikt ein plan for Business Region Bergen AS eller næringslivet. Planen har fokus på kva det offentlege kan gjere for å tilrettelegge for god næringsutvikling. Planen skal sikre at eigarkommunane har felles mål og strategiar for næringsutviklingsarbeidet slik at regionen i størst mogleg grad handlar og står fram som samordna og med klare forventningar om at regionen utviklar seg i den retninga som ein ynskjer.

Regional Næringsplan for Hordaland 2013 -2017 er nærings- og bransjenøytral og legg vekt på desse tre strategiane: *Meir entreprenørskap, fleire med relevant kompetanse og ein vel fungerande Bergensregion med attraktive sentre*. Denne planen vil vere retningsgivande for Strategisk næringsplan for Bergensregionen (SNP).

I sak til fylkestinget 09.12.2014 «Gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt engasjement i Business Region Bergen». I denne saka vart Hordaland fylkeskommune sitt tilhøve som eigar av BRB gjennomgått. M.a. vart ny modell for berekning av årleg tilskot lagt fram og det gjort vedtak knytt til ynskje om å «utvikle eit større og meir synleg kontormiljø for regionale utviklingsaktørar i Bergen».

Oppbygging og innhald i planen

Planen er bygd opp av to delar; strategidel (bakgrunnsinformasjon med mål og fokusområde) og tiltaksdel. Tiltaksdelen er eit eige dokument som skal rullerast kvart anna år.

Strategidel

Bransjane og det sterke og varierte næringslivet i Bergensregionen er presentert i avsnitt om faktagrunnlag, «Regionens næringsstruktur». Planen har der peikt på tema der regionen bør kunne ta strategiske posisjonar: marin sektor; sjømatbyen Bergen, «havnæringane» - energi, marin, maritim og reiseliv og koplinger mellom disse, media-innovasjon og kunnskap, reiseliv (bærekraftige løysingar; fjordar, kystmiljø, kultur og aktivitet) og helse- og omsorgsteknologi; muligheter for innovasjon og utvikling.

Det blir framheva at regionens innovasjonskraft ligger i næringsklyngene og korleis dei evnar å utnytte potensialet for kunnskapsdeling. Innovasjon ligg i den einskilde klynga og mellom klyngene.

Næringslivets forventningar til det offentlege.

Informasjonen kjem frå NHO gjennom kommune NM og Nærings NM og Bergens Næringsråd sine kartleggingar. Det er ikkje eintydig svar på kva næringslivet ventar av det offentlege, men det er likevel i planen peikt på tema som i større grad enn andre opptar regionens næringsliv og som i tillegg har ein kommunal eller fylkeskommunal dimensjon.

1. Styrking av infrastruktur med særleg fokus på vegnett og kollektive transportløysingar.
2. Effektivisering av plan- og søknadsprosessar og tilrettelegging av bolig- og næringsareal. (korleis Plan- og bygningslova forvaltas i den enkelte kommune).
3. Auka trykk på utdanning, forsking og utvikling gjennom styrking av kompetanseMiljøa, betre samspill mellom FoU og næringsliv og meir næringsspesifikke utdanningsløp.

Overordna mål

Planens overordna mål/visjon for det felles arbeidet med næringsutvikling i regionen er:

«Bergensregionen skal innan 2025 være leiande i Noreg på bærekraftig innovasjon, entreprenørskap og næringsutvikling.»

Planen lister så opp 6 fokusområde. Det er desse fokusområda kommunane og fylkeskommunen skal konkretisere og iverksette saman eller kvar for seg:

Fokusområda

Fokusområda med tilhøyrande «målformuleingar» (kulepunkt) er dei tema som kommunane og fylkeskommunen skal ta tak i samla eller kvar for seg.

Næringslivets rammevilkår

- Være til stede og følgje med der beslutninger tas hos sentrale myndigheter
- Koordinerte regionale framstøyt overfor sentrale myndigheter.

Fysisk og sosial infrastruktur

- Sikre tilstrekkelig utvikling og utbygging av digital infrastruktur internt i kommunene og regionen, samt den digitale hovedveien inn og ut av regionen.
- Bolyst. Skape attraktive kommuner å bo og leve i, gjennom å etablere gode sentre, et variert kultur- og idrettstilbud og utvikle gode boligområder.
- Sikre tilgang på adekvat næringsareal, i tråd med næringslivets behov og ønsker, samt avklarte offentlige strategiar.

Effektive offentlige tenester

- Sørgje for at regionale og nasjonale offentlige (kompetanse?) arbeidsplasser etableras i Bergensregionen.
- Føreseieleg, transparent, samordna og effektiv saksbehandling.
- En effektiv forvaltning krev moderat handtering av tilleggskrav som hemmar næringsutvikling.
- Kommunane og fylkeskommunen må ha et aktivt forhold til sin rolle som innkjøper

Bygge regionalt omdømme

- Arbeide for å tiltrekke seg fleire aktørar som genererer arbeidsplasser i regionen.
- Sørgje for å nyttiggjøre seg den kompetansen som finnes ved utdanningsinstitusjonane, samt tiltrekke meir kompetansearbeidskraft til regionen.
- Synliggjøre regionens næringsliv i inn- og utland.

Utdanning og forsking

- Styrke den næringsretta forskinga.
- Sørgje for å utdanne kandidatar som vert etterspurd av lokalt næringsliv.
- Vidareutvikle praksisnær undervisning.
- Vidareutvikle satsinga på faglært utdanning og aktivt legge til rette for lærlingplassar i privat og offentlig sektor.

Innovasjon og entreprenørskap

- Heilskapleg løysning for oppstart-hjelp til nye etablerarar og gründarar.
- For å sikre kunnskapsdeling og innovasjonspress må kommunane og fylket arbeide aktivt for å leggje til rette for gode klynger i regionen.
- Være koplar og støttespiller for næringslivet og FoU miljøa for å hente midlar frå det offentlige virkemiddelapparatet og til programsatsingar i regi av nasjonale og internasjonale myndigheter.
- Satse enno meir på helse- og omsorgsteknologi, og stimulere til næringsutvikling i grensesnittet mellom FoU-miljøa og det offentlige og næringslivet.

Tiltaksdel

Det er foreslått 16 tiltak. Desse er operasjonaliseringa av planen. Tiltaka er formulert som prosjektidear og det er satt opp tiltakseigar for kvart av prosjekta. Følgjande er henta frå teksten i planen:

«Tiltaksplanen forutsettes rullert hvert annet år. Business Region Bergen er ansvarlig for å gjennomføre den toårige rulleringsprosessen. Til det enkelte tiltak er det knyttet en tiltakseier. En tiltakseier er den organisasjon som er ansvarlig for å gjennomføre tiltaket. Det er ingen forutsetning at tiltakseier skal gjennomføre tiltaket alene. Det forutsettes en bred medvirkning fra kommuner, næringsorganisasjoner, klyngeorganisasjoner og representanter for næringslivet for at tiltakene skal la seg gjennomføre. Tiltakseier er ansvarlig for å definere tiltakets omfang, hvilken leveranse tiltaket skal bidra til (resultatforventning), hvem som er kritiske bidragsytere for å sikre leveransen, hvordan tiltaket skal løses, og når det kan forventes at tiltaket kan avsluttes.

Business Region Bergen er av sine eiere den organisasjon som er pålagt ansvar for å følge opp at tiltakseiere holder fremdrift i forhold til tiltakene. Videre skal Business Region Bergen sende en årlig rapport til sine eiere om fremdrift i tiltakene. Sammen med tiltakseiere skal Business Region Bergen finne en praktisk og ubyråkratisk rapporteringsform som sikrer fylkesting og kommunestyrer god rapportering i forhold til status på det enkelte tiltak. Business Region Bergen har ingen instruksjonsrett overfor tiltakseierne.»

Tabellen under viser tiltaka fordelt på fokusområda og tiltakseigar. Meir utfyllande tekst finst i vedlegget.

SNP Fokusområde	Tiltak	Tiltakseigar
Næringslivets rammevervilkår	Tiltak 1: Myndighetskontakt sentrale, nasjonale og internasjonale myndigheter	BRB
Infrastruktur	Tiltak 2: Sikre regionens og næringens digitale konkurransesvilkår nasjonalt og internasjonalt	HFK
Effektive offentlige tenester	Tiltak 3: Effektivisering av plan- og søknadsprosesser; utvikle et samordnet tjenestetilbud på tvers av kommunegrensene	BRB
	Tiltak 4: Kartlegge og synliggjøre positive og negative effekter av kommunenes praksis med utbyggingsavtaler og rekkefølgebestemmelser knyttet til plan og byggesak, samt skissere forslag til en felles regional strategi for utbyggingsavtaler	BRB
Bygge regionalt omdømme	Tiltak 5: Bygge regionalt omdømme for hele Bergensregionen	BRB
	Tiltak 6: Etablere «Invest in Region Bergen»	BRB
Utdanning og forskning	Tiltak 7: «Praksisnær undervisning»- erfaringsoverføring.	Gode Sirklar
	Tiltak 8: Innkjøpsprosesser – stille krav til at leverandører er godkjente lærebedrifter.	Bergen kommune
	Tiltak 9: Energisamarbeidet “Science City Bergen»	Science City Bergen
Innovasjon, entreprenørskap og endring	Tiltak 10: Samordning og tydeliggjøring av ulike aktørers rolle knyttet til entreprenørskap og etablererveiledning.	Hordaland fylkeskommune
	Tiltak 11: Omstilling og endring, sammen om aktiv bruk av aktuelle virkemidler	Gode Sirklar
	Tiltak 12: Utvikle en marin strategi for Bergensregionen - Bergensregionen som en global marin kompetanseregion	Fiskeriforum Vest
	Tiltak 13: GCE Marin	The Seafood Innovation Cluster
	Tiltak 14: «Creating Global Winners» – Global Centre of Expertise Subsea	NCE Subsea
	Tiltak: 15: Ocean Innovation	Design Region Bergen
	Tiltak: 16: CNC-Arena – robotteknologi	Høyskolen i Bergen

Vurdering av strategidelen

Målformuleringa er noko endra sidan sist plan. Mellom anna er kunnskapsbasert tatt ut og erstatta med innovasjon og entreprenørskap. Målformuleringa er gjort meir generell i høve til at den ikkje er retta mot prioriterte bransjar. Med næringsutvikling leggjast det vekt på utvikling som bygger på nyskaping, entreprenørskap og innovasjon i samspill mellom næringsliv og forsknings- og utviklingsmiljøene i regionen.

Bærekraftig bør knytast til næringsutvikling og at formuleringa i staden bør vere:

«Bergensregionen skal innen 2025 være ledende i Norge på innovasjon, entreprenørskap og bærekraftig næringsutvikling.»

«Bærekraftig næringsutvikling» bør definerast på same måte som i Regional Næringsplan for Hordaland 2013-2017; dvs. næringar/bedrifter «som er økonomisk levedyktige, tek samfunnsansvar i høve miljø og som er medvitne sitt sosiale ansvar lokalt og globalt».

Visjonen med ein slik definisjon vil peike på det ansvaret kommunane og fylkeskommunen har med å nytte sine verktøy (økonomiske og politiske) til å bygge opp/støtte næringsliv som tenker langsigtig og berekraftig og arbeider på lag med det offentlege mellom anna for å nå viktige nasjonale og regionale miljø- og klimamål.

Strategisk Næringsplan fokuserer på mange av dei same tema som Regional Næringsplan for Hordaland 2011-2017 og Handlingsprogram for næringsutvikling 2014 og 2015 og det er i stor grad samsvar i planane mellom kva som oppfattast som viktige offentlege oppgåver innan næringsutvikling og også i stor grada korleis ein tek tak i og prioritatar innsats. Fylkeskommunen sin prioritering av entreprenørskap og innovasjon, rett kompetanse og velfungerande Bergensreigon og attraktive regionale sentra er i samsvar med fokusområda i SNP. Mål og fokusområda i SNP støttar på ein god måte opp om og vil bidra til måloppnåing for Regional Næringsplan.

Fylkeskommunen har ansvar for å utarbeide og vedta regionale planar i tråd med prioriteringane i Regional planstrategi. Det er fleire relevante regionale planar som vil gje føringar og forsterke strategiane som er tema i SNP. Dei viktigaste er *Regional areal- og transportplan for Bergensområdet* (under utarbeiding), *Regional klimaplan* og *Regional plan for attraktive senter i Hordland*. Gjennomføring av desse planane vil kunne betre infrastruktur, samferdsle, offentleg kommunikasjon og vegar som er viktige for eit velfungerande næringsliv, men også leggje føringar for klima- og miljømessig berekraft. Desse planane bør omtalast i SNP.

SNP løfter fram nasjonale og internasjonale program og finansiering for å finansiere FoU i verksemndene som grunnlag for innovasjon og nyskaping. Det er viktig også å synleggjere dei regionale verkemidla som ein del av det totale verkemiddelapparatet næringa kan nytte seg av. Fylkeskommunen forvaltar støtteordningar innan næringsutvikling som er viktige for nyskaping, innovasjon og utvikling. Både forprosjekt til klyngutvikling og fleirårige utviklingsprosjekt vert finansiert av regionale midlar. Innovasjon Norge forvaltar bedriftsretta midlar på vegne av fylkeskommunen. Vidare kan bedrifter i regionen få finansiert forskingsoppgåver gjennom Regionalt Forskningsfond Vest. Fylkeskommunen gjør også ein jobb med kopling mellom kunnskapsmiljøa og bedrifter for å auke forsking i bedriftene gjennom sine eigne tilsette og kompetanseemeklarane i VR-programmet.

Strategidelen av SNP er eit godt fundament og eit nyttig verktøy for dei samarbeidande kommunane og fylkeskommunen for å målrette felles innsats for næringsutvikling i Bergens-regionen.

Vurdering av tiltaksdelen

Det er god samanheng mellom den fylkeskommunale satsinga innan tilrettelegging for næringsutvikling i fylket og det Bergensregionen gjennom SNP har satt som fokusområde og tiltak. Fylkeskommunen er direkte involvert i fleire av områda i planen og mange har fått, eller vil kunne få økonomisk støtte frå HNH .

Tiltaka er formulert som prosjekt og det er foreslått ansvarleg tiltakseigar. Ansvar for oppfølging av tiltaka er fordelt mellom ulike samarbeidspartnarar i regionen, men fleire av tiltaka er lagt til BRB. I stor grad er prosjekta som er «fordelt ut» til organisasjonar og samarbeidspartnarar initiert av tiltaksansvarlege i planprosessen. I to av tiltaka er fylkeskommunen foreslått som ansvarleg. Desse er tiltak 2 og 10.

Merknad til tiltak 1: Fylkesrådmannen meiner at det er bra med ein koordinering ikkje er behov for eir «Oslo-kontor» på den måten som er beskrive i tiltaket.

Merknad til tiltak 2: Hordaland fylkeskommune har innsats mot auka tilgang på digital infrastruktur og meiner breiband med høg kapasitet er ein føresetnad for konkurranseskraft. Dette er eit tema som fylkeskommunen kommer til å arbeide vidare med.

Merknad til tiltak 3: Betre harmonisering og tilrettelegging av søknadsprosessar i høve PBL mellom kommunane, kan vere eit prosjekt som kommunane samarbeider om. Fylkeskommunen må koplast inn i høve sitt ansvar med retteiing av kommunane i plansaker.

Merknad til tiltak 4: Offentlig planlegging og tilrettelegging for utbygging har gradvis blitt erstatta av samarbeidsprosesser og privat planlegging og gjennomføring der utbyggingsavtalar er eit viktig virkemiddel. Små distriktskommunar og større bykommunar har ulike behov for å styre utbygginga gjennom ein kommunal utbyggingspolitikk. Det er derfor truleg ikkje ynskjelig eller mogleg at rutinane er like i alle kommunar sjølv om det kunne være ynskjeleg for utbyggjarane.
Fylkesrådmannen meiner at utbyggingsavtalar er gode verkemiddel. Avtalar har styrke i fleksibilitet og effektivitet. (<https://www.regjeringen.no/utbyggingsavtaler/asplanviakuba2009.pdf>)

Eit prosjekt som skal bidra til meir forutsigbarheit for utbyggjarar og kommune bør stimulere til parallel behandling av plan- og utbyggingsavtaler. Samstundes bør det arbeidast for å styrke kompetansen hos kommunar og utbyggjarar på dette feltet.

Det vert foreslått ny tittel på tiltak 4: ***Stimulere til styrket kompetanse om utbyggingsavtaler og bedre samordning mellom utforming av reguleringsplaner og forhandling av utbyggingsavtaler.*** Dette er eit tiltak som det ville vere naturleg at fylkeskommunen var sterkt involvert i.

Merknad til tiltak 5: Utvikle og synleggjøre Bergensregionens fortrinn som et godt sted å leve og bo, og å etablere og drive verksamhet er eit ansvar for lokale og regional myndigheter. Det ville skape utviklingskultur i regionen dersom det vart utvikla «møteplasser» for involvering på tvers av næringer, offentlige- og private miljø. Det vil vere ein god strategi å bidra til få etablert gode og synlege klynger, forskings- og utviklingsprosjekt, forskingssenter og etterspurte utdannningar som gjer det attraktivt for kompetansepersonar og bedrifter å slå seg ned i regionen. Kommunane må bidra med gode buminiljø, fritidsaktivitetar og kulturtildel.

Merknad til tiltak 6: Dette er eit prioritert innsatsområde i HNH 2015. I ei tid kor mange bedrifter blir lagt ned og produksjon flytta ut av landet er det viktig å prioritere etablering av nye bedrifter i Bergensregionen og i resten av fylket. BRB har innleia eit samarbeid med IN og Invest in Norway . Her vil HFK bidra.

Merknad til tiltak 7: Prosjektet går ut på at «Gode Sirklar»/kommunane i Region Vest sine gode erfaring med praksisnær undervisning, bør vidareutviklast og delast med andre. Det er viktig at kommunane satsar på å styrke kompetansen hos elevane knytt til utdanningsval gjennom eit betre samarbeid med næringslivet. Samarbeidet må vere mellom kommunane som grunnskuleeigar og fylkeskommunen som har ansvar for vidaregåande opplæring og tiltak som SYR og Ungt entreprenørskap. Det må likevel vere opp til den enkelte kommune å bestemme korleis dette skal skje.

Merknad til tiltak 8: Å stille krav i innkjøpsprosesser om at leverandør skal vere lærebedrift er sett i gang og HFK vil samarbeide med Bergen kommune.

Merknad til tiltak 9: Tiltaket er knytta til energi og energisamarbeid og er svært viktig for å samarbeide på energifeltet. Framtidsretta energiløysingar og fornybarsatsing bør prioriterast. Det bør vurderast om UiB bør vere ansvarleg.

Merknad til tiltak 10: Hordaland fylkeskommune har i samarbeid med BRB, partnarskapen; IN og Fylkesmannen si landbruksavdeling, Bergen kommune og regionrådsleiargruppa, starta eit arbeid med å styrke etablerar-rettleiinga i Hordaland. Meldinga «Framtidig organisering av etablerarrettleiingstenesta i førstelina i Hordaland», vart lagt fram for Fylkesutvalet den 18.02.2015 og er retningsgjevande for det vidare arbeidet med styrkinga av denne tenesta i 2015. Fylkeskommunen har ei leiarrolle i arbeidet.

Merknad til tiltak 11: Leverandørindustrien til petroleumsnæringa sliter, også den delen som leverer til Subsea. Eit innsatsområde knytt til regional omstilling i HNH 2015 er å fylja opp regionar og kommunar som har særskilte utfordringar knytt til næringsliv, sysselsetting og folketal. Innafor bransjar med særskilt fokus er det innafor energisektoren eit innsatsområde å arbeide for auka konkurranseskraft i leverandørindustrien, særleg knytt til gjennomføring av større feltutbyggingar og opprustingar. Tiltaket må omfatte fleire kommunar i Hordaland enn dei i Region Vest. Fylkeskommunen har tradisjon for å stø opp om godt funderte initiativ for å kvalifisere seg for støtte frå nasjonale program.

Merknad til tiltak 12: Om The Seafood Innovation Cluster lykkes med NCE/GCE satsinga vil det være naturlig at arbeidet med marin strategi og omdøme inngår der. Omdøme er først og fremst ein nasjonal utfordring. Godt omdøme vert bygd ved konkrete forbetringar innan miljømessig berekraft og gode produkt.

Merknad til tiltak 13: Marin klyngeutvikling er i gang og både fylkeskommunen og innovasjon Norge har bidrige økonomisk. Offentlege aktørar bør bidra til at The Seafood Innovation Cluster og Fiskeriforum Vest lykkes i initiativ for å etablere NCE og seinare GCE. Dette kan skje gjennom hjelp til nettverksbygging og prosjektvirkemiddel. Prosjektet passar godt inn i HNH sin Hovudstrategi 1. Meir entreprenørskap og innovasjon og innsatsområde «nettverk og klynger».

Merknad til tiltak 14: Beskrivinga av dette tiltaket er noko tynt. Fylkeskommunen har vore partner i NCE Subsea sidan oppstart i 2008 og har både i 2014 og nå i år gitt NCE Subsea ekstra økonomisk støtte i arbeidet med å fremme ein så god søknad som mogleg til GCE programmet. Eit innsatsområde i HNH 2015 er å stimulere aktivitet knytt til kompetanseutvikling og prosjekt i etablerte klynger (td Arena, NCE, GCE og SFI).

Merknad til tiltak 15: Tiltaket er noe utydelig beskrive. Pilotprosjektet som er i gang bør kunne konkretisere vidareføringar. Sette i gang internasjonalt prosjekt med EU-midlar er relevant. Eit av måla bør vere å få Ocean Innovation relevant for næringslivet.

Merknad til tiltak 16: Osterfjorden Næringshage og HiB har eit tett samarbeid på robotteknologi. Å jobbe for å få på plass eit ARENA-prosjekt er ein god strategi. Hordaland fylkeskommune har ei rekke år samarbeid tett med næringshagen på Osterøy om utvikling av eit kompetanssenter for robotteknologi ved den vidaregåande skulen.

Trong for tiltak innan media/IKT er skildra i analysen som er grunnlag for planen, men er ikkje foreslått som tiltak. Det kan for eksempel vere å opprette ei IKT-klynge eller realisering av MediaCityBergen med sine tilleggsfunksjonar («greenhouse», medialab, FoU mm).

Eit prosjekt knytt til å støtte opp om teknologiutvikling og tiltak for å redusere utslepp frå skip er viktig og burde fått plass i planen.

Samla vurdering

Utkastet til Strategisk Næringsplan for Bergensregionen 2015-2020, er ein revisjon av eksisterande plan. Det vart likevel gjennomført ein omfattande prosess i samarbeid, med kommunane og fylkeskommunen, nettverks- og bransjeorganisasjonar, næringshagar og andre for å sikre at næringa sine synspunkt kom fram og for å sikre eigarskap hos eigarane. ProsesSEN har vore god og innspel har blitt vurdert fortløpende og tatt inn.

SNP slik den ligg føre, har kome eit godt steg vidare i høve til å formulere strategiar for kva det offentlege kan gjere for å møte næringslivet sine behov. Strategiane/fokusområda med tilhøyrande mål bør kunne høve godt som rettesnor for eigarkommunane.

Det er mange og varierte tiltak som er tatt inn i planen. Fleire tiltak er planlagde aktivitetar for «tiltakseigarane» sin organisasjon og er formulert av «tiltakseigarane». Fleire tiltak/prosjekt er starta opp.

Talet på tiltak bør reduserast slik at det vert realistisk å starta opp prosjekta i løpet av dei to åra som tiltaksplanen varar. Fleire tiltak bør verte formulert som tiltak og prosjekt der dei offentlege aktørane/eigarane er synleggjort som samarbeidspartar eller som ansvarlege.

Tiltaka bør i større grad vere prosjekt eller tiltak kommunane og fylkeskommunen ser som dei viktigaste for å møte næringslivet og samfunnet sine behov og gjennomføre desse saman med bransje- og næringsnettverk. Samstundes er det ynskjeleg at planen på ein tydelegare måte setter fokus på dei utfordringane samfunnet står overfor innan klima og miljø og slik legg til rette for ein langsigtig og bærekraftig utvikling av Bergensregionen.

Sidan BRB har fått avkorta tilskota sine frå Bergen kommune og fylkeskommunen må dei vurdere nøye kva oppgåver dei tar på seg. Mellom anna har BRB sagt at marknadsføring av regionen og mottaking av delegasjonar ikkje vert prioritert framover. I saka om «Gjennomgang av Hordaland fylkeskommune sitt engasjement i Business Region Bergen» (FYT 09.12.2014) vert det lagt til grunn at prosjekt, i regi av BRB, utover basisaktivitetane i stor grad blir finansiert eksternt.

Fylkeskommunen vedtek årleg eit handlingprogram for næringsutvikling (HNH) som sett fokus på fleire av dei same tema som SNP gjer. Fylkeskommunen har utviklingsmidlar knytt til HNH som nyttast til prosjekt som bidrar til å oppnå mål og innsatsområda i handlingsprogrammet.

Fylkeskommunen forvaltar også forskingsmidlar (RFF Vest) som kan nyttast til gjennomføring av FoU-prosjekt i bedriftene og har svaret for VRi som organiserer kompetansemeklarar.

Innovasjon Norge kan bidra med bedriftsretta forprosjektmidlar for å få opp gode forskingsprosjekt.

Gode prosjekt som fell inn under eit eller fleire av innsatsområda i HNH, vil kunne få støtte. Dersom prosjektet samstundes er forankra i SNP, vil det kunne vere ein styrke for prosjektet. Fylkeskommunen er likevel ikkje forplikta å gje økonomisk støtte til tiltaka i SNP, sjølv om planen vert vedteke av fylkeskommunen.